

Parkeringsnorm for Os datert 21.1.2013

Norma erstattar norm datert 14.6.2005.

Norma vil få verknad for byggesaker innanfor alle vedtatte reguleringsplanar som viser til gjeldande norm. For reguleringsplanar som viser til konkrete parkeringskrav, vil krav i reguleringsplan gjelde framfor denne norma.

§ 28-7 Det skal sendast inn planar for utforming og opparbeiding av felles areal. Tal på parkeringsplassar vert sett i høve til tabell under, og etter det faste utval for plansaker si godkjenning.

Formål/verksemd	Grunnlag for utrekning	Bil	Sykkel
Frittliggande einebustad	Bueining	3	2
Husvære <u>større</u> enn 65 m ² BRA (rekkehus, kjedehus, leilegheiter, utleigedel o.l.)	Bueining	2	2
Husvære 65 m ² BRA og <u>mindre</u> (leilegheiter, utleigedel o.l.)	Bueining	1,5	1
Fritidsbustad	Bueining	1	1
Omsorgsbustad	Bueining	1	1
Sentrumsområde, avgrensa etter vedlagt kart	Bueining	1,2	1
Barnehage	Barn	0,3	0,2
Skule (grunn- og vidaregåande)	Årsverk	1,0	3,0
Forsamlingslokale (kino/teater, kyrkje)	Sitjeplass	0,3	0,2
Forretning, handel, kjøpesenter	100 m ² BRA	2,5	0,2
Kontor	100 m ² BRA	1,5	0,2
Industri, verkstad	100 m ² BRA	0,8	0,2
Lager	100 m ² BRA	0,4	0,2
Restaurant, kafeteria	100 m ² BRA	0,4	0,2
Mosjonslokale	100 m ² BRA	1,0	0,2
Idrettsanlegg	Tilskodar/tilsett	0,2	0,1
Hotell, overnatting	Gjesterom	0,6	0,2
Sjukehus, sjukeheim	Seng	0,5	0,1
Småbåtanlegg	Båtplassar	0,5	0,2
Bensinstasjon	Årsverk	1,5	0,2

Generelt

Alle arbeids- og publikumsbygg skal ha gode tilbud for sykkelparkering. Avsett område skal vere oversiktleg og ha god lyssetjing. 50 % av sykkelparkering skal vere under tak.

Ved utarbeiding av reguleringsplan kan føresegnene om parkering avvikast. Dette gjeld både når det ligg føre ei parkeringsanalyse som dokumenterer behov for færre plassar og når det kan dokumenterast behov for fleire parkeringsplassar.

Ved berekning av krav til parkeringsplassar skal berekningsresultata alltid rundast av oppover.

Parkeringsareal for anna enn bustader skal vera opparbeidd før byggearbeida tek til. Ferdigattest for bustad skal ikkje gjevast før parkeringsplassane er opparbeida.

Felles parkeringsareal skal i felt med meir enn 10 bustadeiningar vera opparbeidd før arbeidet på tomtene tek til.

Parkeringsplass og garasje skal plasserast og utformast slik at bil kan snu på eigen grunn.

Ved eventuell seinare bruksendring/seksjonering av husvære utløyser dette krav om parkeringsplassar i tråd gjeldande norm.

Der det er krav til parkeringsplassar for rørslehemma etter § 8-9 Tek 10 skal det også vere plassar for oppstilling av El-bilar.

I samband med etablering av naust, skal behov for biloppstillingsplass(ar) vurderast.

Det er høve til å søkja om frikjøp frå plikta til å opparbeida parkeringsplass(ar). Det er Plan- og bygningsutvalet som avgjer søknadar om frikjøp og Os kommunestyre som fastset satsane. Pengane skal gå til bygging av parkeringsanlegg. Frikjøpsordninga gjeld innanfor området definert som sentrumsområde.

Dersom Os kommunestyre vedtek endra parkeringsvedtekter, må dei nye vedtektene kunngjerast i samsvar med Forvaltningslova § 38.

